## Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2019

### Godkjent av Regionrådet i Nordhordland / rådmannsutvalet 1. mars 2019

| Prosjekt | Varigheit | Søkjar-kommune | Pri. | Krit. FM | Søkt om | Regionråd tilrår | Tildelt FM | Merknad. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Utvikling av system, rutinar og kompetanse for drift av interkommunalt barnevern i mindre kommunar | 2019 | Austrheim (Fedje) | 1 | 1 | 650 000 | 500 000 | | Kommunane Austrheim og Fedje samarbeider om drift av barnevern, men har hatt utfordringar over tid om å levere tenester i tråd med lover og forskrifter. I prosjektet skal ein gjennomgå og utvikle system, rutiner og lederkompetanse i barnevernet, og gjennom dette sikre forsvarlig drift. Mål om samarbeid: dei andre tenestene retta mot barn og unge i kommunen, moglegheita om fast samarbeidande nettverk mellom kommunar i Nordhordland, og erfaringsdeling i regionen. Støtter satsinga om kommunale tenester til barnevern. |
| Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde - Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland, BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS | 2019 | Masfjorden (Austrheim, Fedje, Lindås, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy, Gulen) | 1 | 1 | 300 000 | 250 000 | | Kommunane i Nordhordland ønskjer å utarbeide ein modell for å rekruttere og behalde psykologkompetanse i regionen, for å møte dei nye krava frå 2020 om psykolog som del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Forprosjektet det vert søkt midlar om i 2019 skal utarbeide grunnlaget for gjennomføring av moglege løysingar i ein pilotmodell. Dette vert første fase av tre faser som utgjer hovudprosjektet, og som skal gå over fleire år. Gjennom arbeidet vert det søkt om samarbeid med KS og FoU-miljø. Overordna prosjektmål er å bidra til at kommunane kan oppfylle dei nye krava og sikre stabilitet i tenesta over tid. |
| Samarbeid for planlegging, innføring og bruk av Velferdsteknologi i seks kommunar i Nordhordland | 2017-19 | Masfjorden (Fedje, Osterøy, Vaksdal, Gulen, Austrheim, Modalen) | 2 | 2 | 890 000 | 600 000 | | Mål: Planlegge, innføre og implementere velferdsteknologi i samarbeidskommunane, for å sikre at velferdsteknologi blir ein integrert del av helse- og omsorgstenestene innan 2020. I 2019 er prosjektet utvida til å gjelde Vaksdal kommune. Pr. i dag har ikkje nokon av kommunane gjennomført implementering av velferdsteknologi. Prosjektet vil ha hovudansvar for å organisere at alle 7 samarbeidskommunane får ein god plan og god oppfølging når ein skal implementere nytt utstyr i løpet av 2019. Prosjektet vil bidra med kompetanse, erfaringsdeling, etablering av nettverk og samarbeid mellom kommunane. |
| Samordning av velferdsteknologi Alver kommune | 2017 - 19 | Meland (Lindås og Radøy) - Alver prosjekt 1 | 2 | 2 | 800 000 | 600 000 | | Lindås, Meland og Radøy har ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og bruk av velferdsteknologi, og må iverksetjetiltak og målretta samhandling. Mål: I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i Alver kommune. Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø. Samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås er eit delprosjekt under felles hovudprosjekt "Nordhordlandsregionen - saman om velferdsteknologi" (10 kommunar). Støttar satsinga om kommunale tenester til helse og omsorg, t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri. |
| Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune | 2019 (2018-20) | Lindås (Meland og Radøy) -Alver prosjekt 4 | 3 | 3 | 425 000 | 300 000 | | Mål: Etablera og overlevera eit system for samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. Emne samfunnstryggleik og beredskap vil ha fokus i alle deler, ledd og prosjekter i noverande og ny organisasjon ved etableringa av Alver kommune. Dette for å leggja til rette for ein "raud tråd" i dagleg arbeid i tensteområda og ved ei uønskt hending. Prosjektet skal mellom anna gjennomføre overodna-ROS, med forslag til handlingsplan, utarbeide KKL-plan, brodokumet som sikrar samhandling melom ny KKL-pln og gjeldande planar som er med videre inn i Alver. Identifisera kva planer som må etablerast eller rullering av eksisterande planar og oppretting av brodokument. Støttar satsinga om samfunnsutvikling - samfunnstryggleik og beredskap. |
| Kvalitetsheving og innovasjon - digitalt planregister | 2019-20 | Meland (Lindås og Radøy) - Alver prosjekt 6 | 3 | 3 | 500 000 | 250 000 | | Mål: Forbetre det digitale planarkivet for Regionen Nordhordland. Det er sterkt behov for å forbedre programvare (Adaptive Planregister) og for å kvalitetsheve grunnlaget for reguleringsplaner. Hensikten er å lage et verktøy hvor brukeren i stor grad klarer seg på egen hånd - og hvor brukeren kan stole på at plangrunnlaget har best mulig kvalitet. Ved å ta i bruk ny teknologi og mer formålstjenlig organisering av data vil hele kommunesamarbeidet (Nordhordland Digital) tjene på gjennomføring av disse aktivitetene, som igjen bidrar til mer effektivitet og innsparing av kostnader. Støttar satsinga om samfunnsutviklig - kommunale planverktøy og digitale kart. |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Klimarobust grasproduksjon - bønder som taklar dårleg vêr | 2020? | Meland -Alver prosjekt 5 | 4 | 4 | 165 000 | 80 000 | | Ein viktig utfordring for landbruksnæringa sin eksistens i Nordhordland er mellom anna endra klima. Eit av fokusområda i Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland er klimatilpassing i høve til grovfor og samarbeid mellom kommunar og rådgivingsapparatet. Prosjektet skal finna konkrete tiltak som gjev det enkelte bruk meir robust for framtida. Mål: Auka grovfôrproduksjon tilpassa eit endra klima. Støttar satsninga om interkommunale utviklingsprosjekt - samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga. |
| Gründersporet - alternativt introduksjonsprogram for flyktninger som vil starte egen virksomhet | | Meland (Lindås og Radøy) - Alver prosjekt 2 | 4 | | 500 000 | 250 000 | | Regjeringen ønsker en arbeidsretting av introduksjonsprogrammene. Flyktninger i regionen har etterspurt en tilpasset entreprenørskapsopplæring. En egen introduksjonsordning som har entreprenørskap som hovedtematikk, vil være unik i Norge. Kandiatene vil komme fra Nordhordland og Bergen. Mål: Utvikle ein modell for alternativ introduksjonsordning for flyktninger med vekt på entreprenørskap. Utviklie og prøve ut Gründersporet i to omganger, i tett samarbeid med FoU-miljøer, partnere og med programkoordinator. Prosjektet vil gjennomføres sammen med Flyktningstjenester, Næringshage, Ungt Entreprenørskap, Voksenopplæring, forskere, mentorer og frivillige. Det er utviklet en parallell FoU-søknad til RFF Vest. Støttar satsinga om interkommunale utviklingsprosjektet - tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma. |
| Felles handlingsveg ved rydding av hogst nær viktig infrastruktur | 2019-20 | Radøy (Lindås og Meland) + kommunane i Region Nordhordland? Alver prosjekt 7 | 4 | | 500 000 | 250 000 | | Mål: Felles utnytting av ressursar ved rydding og hogst ved kritisk infrastruktur som veg og energiforsyning reduserer risiko og ulykkter ved storm og aukande uheldige endringar i miljøet. Prosjektet skal kartlegge kvar ein treng aktsomheitskart (digitalt kart med varsling), utarbeide løysingar i eksisterande kartverktøy og teste regime som kan verta førande modell for samhandling. Samhandling mellom grunneigarar, entreprenørar, eigarar av infrastruktur og etatar har eit stort potensiale for gjennom samvirkeprinsippet, som ligg til grunn som eit av dei fire prinsippa i beredskapsarbeidet og handtering av kriser. |
| Opinionsundersøking kultur, frivilligheit og aktivitetar i Alver | | Meland (Lindås og Radøy) -Alver prosjekt 3 | 5 | | 125 000 | 60 000 | | I arbeidet med å samordne og byggje ei ny kulturteneste, og ein ny kommune, er det eit behov for å få kunnskap om innbyggjarane sine interesser, aktivtetar og ønskjer innan kultur, idrett og friluftsliv, korleis dei vekter desse og korleis dei ser på frivillig deltking. Ei brei opinionsundersøking, både kvantitativ og kvalitativ, vil gi eit svært godt kunnskapsgrunnlag for byggjeprossessen vidare. Resultate vil ha tverrsektoriell relevans og nytte, og kunne danne grunnlag for engasjement og merksemd for Alver kommune. Mål: Gjennomføre opinionsundersøking i høve kultur, frivilligheit og aktivitetar for Alver kommune. Støttar satsinga om interkommunale utviklingsprosjekt - utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma. |
| **Total sum frå Regionen** | | | | | **4 855 000** | **3 140 000** | **0** | |

Søknadssum er justert i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søkjer neste år.

1. **Kommunale tenester til:**

- helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
- barnehage- og skulemiljø
- barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep

2. **Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:**

- samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte

3. **Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:**

- rekruttering
- interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
- kommunale planverktøy og digitale kart
- samfunnstryggleik og beredskap
- klimatilpassing eller tiltak for å redusera klimagassutslepp

**4. Interkommunale utviklingsprosjekt:**

- utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma
- tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
- samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga

# Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2015

## Godkjent i Regionrådet, 13. mars 2015

| Prosjekt | Varigheit | Søkjarkommune | Pri. | Krit. FM | Eigenandel | Søkt om | Tilrår sum | Merknad. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Interkommunalt samarbeid for utvikling av framtidsretta og gode helse- og omsorgstenester i Nordhordland døgnbasert rehabilitering / psykisk helse / rusbarn og unge | 2015 | Lindås/NUI | 1 | 2 | 800 000 | 800 000 | 800 000 | **Felles prosjekt gjennom NUI.** Viktig samarbeidsprosjekt i Regionen som alle kommuane har slutta seg til. |
| Kommunereforma | 2015 | Radøy/NUI | 2 | * | 568 000 | 800 000 | 800 000 | **Felles prosjekt gjennom NUI.** Kr 100 000 pr. kommune |
| Ta vare på matjorda | 2015 | Meland / NUI | 3 | 5 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | **Felles prosjekt gjennom NUI.** Fylkesmannen har oppmoda kommunane i RN om å søkja skjønsmidlar. |
| Forprosjekt for å avhjelpa barnefattigdom | 2015 | Osterøy | 4 | 1 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | Eigenandel 100 000 |
| Kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar | 2015 | Radøy | 5 | 2 | 175 000 | 180 000 | 180 000 | Saman med Austrheim og Meland. Folkehelseprosjekt. Søkjer og fylkeskommunen om kr. 180 000 |
| By og tettstadutvikling | 2015-2016 | Meland | 6 | 3 | 1 100 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | Meland og Lindås. Viktig prosjekt i forhold til utvikling av aksen Frekhaug - Knarvik og busetning og utvikling av Flaøyområdet sør i regionen. |
| Strandpromenade Åråsvågen, trinn 1 | 2015 | Austrheim | 6 | 3 | 1 000 000 | 520 000 | 70 000 | Søknad om støtte til finansiering til prosjektering og strandpromenade 1. Ein kommune. Dette er ikkje innovasjonsprosjekt. Skjønsmidlar vert ikkje gitt til fysiske tiltak / drift og investering. |
| Områdeplan Knarvik, delprosjekt gatebruksplan og lysplan. | 2015 | Lindås | 6 | 3 | | 442 000 | 442 000 | Oppfølgingstiltak Områdeplan Knarvik |
| Områdeplan Knarvik, delprosjekt miljøfagleg utgreiing. | 2015 | Lindås | 6 | 3 | | 216 000 | 216 000 | Oppfylgjingstiltak Områdeplan Knarvik |
| **Total sum frå Regionen** | | | | | | **4 358 000** | **3 908 000** | |

**Andre**

| Prosjekt | Varigheit | Søkjarkommune | Pri. | Krit. FM | Eigenandel | Søkt om | Tilrår sum | Merknad. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Klimaservice i Hordaland | | Osterøy | | 4, 5 | | 1 500 000 | | Søkt om 1 500 000. Søknad er vanskeleg å ta stilling til i Regionrådet. Søknaden er positiv og viktig, men den omfattar andre kommunar i Hordaland. FMHO må derfor vurdera søknaden i ein større samanheng. |

Søknadssum er justert ned i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søkjer neste år.

**Fylkesmannen sine kriterier.**

1. Barn og unge - kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom
2. Støtte til lokale / interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester
3. By- og tettstadsutvikling
4. Beredskap og samfunnstryggleik
5. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp

**Satsingsområde**

Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket.

prosessar innan og mellom kommunar for å utvikla tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

Samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar

Større nedslagsfelt og betre læringseffekt

Gje kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen

Ikkje tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet.
Ikkje støtte til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar.